



Ole Bull Kammerkor FOTO: Privat

## Korkonsert i Knarvik kyrkje

Både lokale og tilreisande kor vert å høyra i Knarvik søndag 17. januar.

Publisert: 06.jan 2016 20:18 Oppdatert: 06.01 2016 20:29

AV: [Ketil Tjore](#)

Norges Korforbund Hordaland inviterer til ei rekkje nyttårskonsertar søndag 17. januar. I alt skal 63 kor, med rundt 2.000 korsongarar, synga i ti forskjellige kyrkjer. I Knarvik er det Bergen Mannskor, Lindås Songlag, Ole Bull Kammerkor, Os Mannskor, Osterøykoret, Songlaget Alvidt/Manger og Vokaloktetten Bless som skal bidra under konserten.

### Syng for ei god sak

Norges Korforbund Hordalands motto er «Med song for ei betre verd», og forbundet har heilt sidan 1989 arrangert årlege konsertar til inntekt for folk som treng hjelp.

Denne gongen vil inntektene frå alle dei ti kyrkjekonsertane gå til Stiftelsen Robin Hood Huset i Bergen. Robin Hood Huset er ein rusfri møtestad, og eit aktivitets- og ressurscenter for folk med dårleg økonomi, og har sidan 2005 drive frå eigne lokale i Bergen.

### Syng i Bergen

Til nyttårskonsertane er det gratis inngang, men dyr utgang, skriv Norges Korforbund Hordaland om dei ti konsertane.

Konserten i Knarvik er den einaste nord for Nordhordlandsbrua, elles er det konsertar i Bergen Domkirke, Johanneskirken, St. Markus kirke, Biskopshavn kirke (med mellom andre Seim Songkor, Simply in Tune og Songkoret Vågen), Sandviken kirke, Birkeland kirke (med mellom andre Radøy damekor), Ytrebygda kirke, Strusshamn kirke og Norheimsund kyrkje.

0 kommentarer

Sorter etter **Eldste**



Legg til en kommentar ...

Facebook Comments Plugin

#### SISTE NYTT

08:49 - [La øya «bobla» i april](#)

08:47 [Fylkesmannen likar ikkje flytebyggje på denne «tuppen»](#)

20:18 [Korkonsert i Knarvik kyrkje](#)